

Brazzooka spelar på Ap-landsmøtet

17.04.2013

Brazzooka har fått eit smikrande oppdrag søndag morgon - gruppa skal spela 4 låtar for Ap-landsmøtet i Oslo. Det er no ein uskedeling med i det framgangsrike bandet og det er Bjørn Naterstad som spelar trombone. Han har vore med sidan 2009. Sindre Aksnes og Vegard Døssland har slutta.

Leiar Sebastian Lamberg Torjusen gler seg til å spela for dei meir enn 1000 delegatane i Folkets Hus og håper at det vert ein pangstart på dagen.

Han melder at dei skal spela eigenkomponert musikk for å visa særpreget men dei skal også spela tradjazz og ein coverlåt.

NMF-leiinga set stor pris på at forbundet får ein slik sjanse til å visa fram unge korpstalent. Politisk rådgjevar Tor Abild håpar partiet vedtar ein offensiv korpspolitikk.

Brazzooka har no så mange oppdrag i inn- og utland at dei må takka nei til nokon. Men dei seier ja til dei fleste.

Av Ola Matti Mathisen